


Årsmelding og rekneskap 1993



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
et
Volda/Ørsta Reinhaldeverk

INNHOLD:

- 2.1 Innleiing**
- Aktiviteten i VØR**
- 3.1 Hushaldningsavfall**
- 3.2 Glasinnsamling**
- 3.3 Kvitevarer**
- 4.1 Grovavfall**
- 4.2 Landbruksplast**
- 4.3 Miljørute**
- 4.4 Papirinnsamling**
- 5.1 Slam**
- 5.2 Spesialavfall**
- Prosjektarbeid**
- 6.1 Kjeldesorteringsplan**
- 6.2 Våtorganisk avfall**
- 7.1 Spesialavfall**
- Innsamla mengder 93**
- 8.1 Avfall til brenning**
- 8.2 Papp og papir**
- 8.3 Glasinnsamling**
- 9.1 Kvitevarer**
- 9.2 Grovavfall**
- 9.3 Slam**
- 10.1 Spesialavfall**
- 10.2 Landbruksplast**
- Bemanning og utstyr i 1993**
- Status anlegg og deponi**
- 12.1 Omlastingsstasjonen**
- 13.1 Grovavfallsfyllinga**
- 13.2 Slamdeponi**
- 13.3 Papiralger**
- Samarbeidspartnarar**
- Rekneskap 1993**
- Konklusjon**
- Revisjonsrapport**
- Årssrekneskap**

ÅRSMELDING FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

1993

2.1 INNLEIING

Volda Ørsta Reinhaldsverk er eit sjølvstendig selskap eigd av Ørsta og Volda kommunar. Selskapet vart stifta i 1987, og har som oppgåve å samle inn og handsame alt avfallet frå regionen.

Selskapet var tidleg ute og tenkte nytt i avfallshandteringa. Omlastingstasjonen var den første på Sunnmøre og kombinasjonen omlasting og forbrenning i Ålesund har spart regionen vår for store vanskar. Eigne fyllingar har og vil i stigande grad skape hovudbry for dei kommunane som nyttar denne løysinga. Trass dei krava som kjem til tetting og sanering av fyllingar kan Volda Ørsta sleppe rimleg unda i og med at vi kun har ei grovavfallsfylling å ta omsyn til.

Trass at vi i dag har ei forholdsvis god løysing, kan vi ikkje vere nøgde før vi finn best moglege løysingar for dei ulike fraksjonane. I dag brenn vi det meste, men også VØR har smått omsenn teke til med kjeldesortering og auka grad av gjenvinning. Som det vil gå fram av dei neste sidene aukar arbeidsområdet for dei tilsette i VØR.

Papirinnsamling, spesialavfall, landbruksplast, miljøruter er i stikkordsform nye aktivitetar i selskapet. Dei tilsette har teke desse utfordringane og løyst oppgavene etterkvart.

AKTIVITETEN I VØR

3.1 HUSHALDNINGSAVFALL

Volda Ørsta Reinhaldsverk har til dagleg fire lag ute på innsamling av avfall. Desse varierer frå tremannslag til einmannslag utfrå mengde og talet på hentepunkt på ruta. Løysinga fungerer bra, og ein har inntrykk av at mannskapet strekker seg etter å finne dei ruteopplegga som gir best effekt både på mannskapssida og køyretya. På dei største rutene i sentrum startar ein av innhentarane ein halv time før dei andre med å sette fram sekkane. Så lenge ein nyttar "10 metersregelen", fører utsettinga til at ein utnyttar betre renovasjonsbilane. I tillegg til husstandane nyttar dei fleste institusjonar og skular tenestene til VØR. Desse representerer ein vesentleg del av den totale mengda.

3.2 GLASINNSAMLING

VØR har plassert ut ni "glasigloar" i kommunane. Det har vore vanskar med å få avsetnad på glaset. Det er sett svært strenge krav til innblanding og nedknusingsprosent, og Moss Glassverker er svært kritiske til det som kjem inn. VØR arbeider no med å få til nye avtalar på mottak av glas, men inn til denne er i hamn vert glaset rekna som grovavfall. Dette er ei mykje rimlegare løysing enn å brenne det i Ålesund. Glaset fører dessutan til vanskar for forbrenningsanlegget då det smeltar og legg seg på slaggristene.

3.3 KVITEVARER

Det har vore jamm levering av kvitevarer til mottaket på Miljøstasjonen. Vest Miljø AS som hentar desse har investert i ei ny presse som betjener heile Vestlandet. Vi har ikkje nådd målet vårt om å få tappe av dei gassane som måtte vere i kjøleanlegga. Det er først og fremst mangel på lokalitetar som gjer dette. Vi har kontakt med eit lokalt firma som disponerer naudsynt utstyr, og vonar at vi får til ein avtale der på sikt. Det er kome signal frå styresmaktene om at innsamlinga vert for dyr for staten. For å halde kostnadane nede vert no dei pressa kvitevarene leverte til England. Det vert spanande å sjå utviklinga vidare, for det er heilt klart at innsamlinga er ein suksess på grunn av at ho er gratis. Dersom kundane må betale opp til 250 kroner pr kolli, vert dette truleg sjølslutta. Ein kan då risikere å finne dei att i tilfeldige fyllingar rundt om kring.

4.1 GROVAVFALL

Grovavfallsmotaket er nok den delen av aktivitetane innan VØR vi er minst "stolte" over. Det som vert levert til mottaket er ikkje godt nok sortert. Det er alt for mykje flygeavfall (papp/plast o.l.) og hola fyllest unødig fort opp. Det vart bestilt eit gjerde som skal hindre innsyn og stoppe flygeavfall. Dette var det meininga å få opp om hausten, men på grunn av at hola var nær full, vart det vedteke å utvide denne før gjerdet kom opp. Denne utvidinga har gått seint p.g.a kapasitetsvanskar hjå entrepenøren. VØR har stilt med eigen gravemaskin for i det heile å kome i gang, og det er no klart til skyting. Vi reknar med at gjerdet står ferdig i løpet av mai månad (94).

4.2 LANDBRUKSPLAST

VØR tok del i ein ryddeaksjon saman med kommunane og landbruksetatane. VØR stilte med komprimatorbilar, og det var opp til organisasjonane sjølve å organisere innsaminga. Dei stod og føre pressing (til rundballar) av plasten på VØR sitt anlegg. Erfaringa frå innsamlinga syner at det neppe vert liknande aksjonar i 94. Det vart for mykje arbeid på dei som stod som initiativtakrarar. Dersom det blir innsamling vil gardbrukararne sjølve syte for pressing lokalt. Det vert då for VØR å hente inn ferdig pressa ballar og transport til mottak.

4.3 MILJØRUTE

VØR var medverkande i ryddeaksjonane på vårparten i Ørsta og Volda. Der vart grendalaga oppfordra til å ta del, og VØR stilte med skapbil, komprimatorbil og konteinarar. Det kom inn store mengder grovavfall frå distrikta, og ein må sjå på aksjonen som ein suksess. Eit lite problem var at ein del nytta høvet til å kvitte seg med ting som vi ikkje hadde utstyr til å frakte med oss. Dermed vart ein del plassar liggande dungar med avfall lenger enn naudsynt. Målet med ryddeaksjonane er å utvide desse til neste år (94), og vi vonar at ein etterkvar kan få bukt med tilfeldige fyllingar.

4.4 PAPIRINNSAMLING

Hovudsatsinga i 1993 var prøveprosjektet med papirinnsamling i regionen. VØR fekk avtale med Peterson Sykkylven, og starta innsamling i august. Innsamlinga var basert på henting av ein sekk i månaden, og det vart levert ut ein blå plastsekk av ein betre kvalitet enn den vanlege bossekken.

Prøveprosjektet vart vidare basert på innhenting på kveldstid, og VØR engasjerte to personar til å stå føre denne jobben.

Resultatet vart svært bra nå vi ser på mengdene. Svært god sortering og god oppslutning gjorde at styret i VØR på møte i desember vedtok å fortsette med innsamling av papir.

Prøveprosjektet vart grundig evaluert, og ein konkluderte med at innsamling på kveldstid med ekstra mannskap var god service, men for dyrt. Konklusjonen av evalueringa var at VØR bør vurdere å kjøpe ein bil med to kammer for å hente både bos og papir samtidig. På denne måten vil ein nytte bil og mannskap fullt ut.

I perioden til ein eventuell bil er i drift, valgte styret i dei kalde månadane å hente papir i vanleg rutine, og sløyfe boshentinga den veka. Ein hentar så to sekkar bos neste dag. Ordninga skulle ta til på nyåret 94.

5.1 SLAM

Det var svært liten aktivitet på denne fronten i 93. På grunn av at det kun er organisert innsamling kvart 2. år vart det berre tømt enkelt-tankar dette året. Det vart arbeidd ein del med å oppdatere registera over abonnentar, og Miljøservice AS arbeider med eit nytt datasystem som skal gjere registrering og oppfylgjing enklare.

5.2 SPESIALAVFALL

VØR har i fleire år hatt mottak av spesialavfall. Dene ordninga er ikkje mykje brukt trass i at ho er gratis for abonnentane. Det er utarbeidd planar om å utvide servicen monaleg, med desentraliserte mottak. Eg syner her til avstitten under "Prosjektarbeid".

PROSJEKTARBEID

6.1 KJELDESORTERINGSPLAN

Det har vore arbeidd ein god del med ymse prosjekt i 1993. På vårparten vart det arbeidd med å avslutte og få politisk handsama kjeldesorteringsplanen for kommunane. Arbeidet vart noko forseinka i og med at ein og hadde med framlegg til endringar av forskrifter. Dette førte til ein del debatt, og ein kom ikkje fram til endelige konklusjonar på desse punkta. Kommunane sluttar seg derimot til prinsippa i planen, og vi meiner at VØR har fått ein aksept for det arbeidet som er gjordt, og for den "politikken" vi satsar på vidare.

Kjeldesorteringsplanen vert sett på som eit viktig verktøy for kommuneadministrasjonen og avfallsselskapene, og er sidestilt frå departementet med andre kommuneplanar. Det er meininga at planen skal handsamast /reviderast minst ein gong i løpet av ein valperiode

6.2 VÅTORGANISK AVFALL

Det neste store prosjektet i 1993 var oppstartinga av eit forprosjekt som skulle sjå på om det er grunlag for å bygge eit handsamingsanlegg for alt våtorganisk avfall i regionen. Dette er ein avfallsfraksjon som det vert sett strenge krav til i framtida, og vi får mest sansynleg ikkje godkjendt handsaminga vi har i dag (brenning.) Vi har og eit direkte driftsproblem med slammet vi samlar inn. Det er eit mål at dette skal ut og nyttast etter at det er hygienisert. Skal ein handsome slam kan ein like gjerne ta med t.d. matavfall og anna våtorganisk industriavfall.

Dette var bakgrunnen for at VØR engasjerte Lars M. Fugledal AS som konsulent i prosjektet, og det vart sett av totalt 300.000 kroner til gjennomføringa. Denne summen vart fordelt på tilskot frå kommunane (ca. 60. 000) LMF AS (100.000) og VØR.

Prosjektgruppa som har arbeidd med dette var samansett av:

Ove Lid, styreleiar VØR
Gunnar Wangen, miljøvernleiar, Ørsta
Tormod Engen, miljøvernleiar, Volda
Lars M. Fugledal, konsulent
Kjetil Årøen, driftsleiar VØR.

Nyutvikla teknologi samt etablering av nye anlegg i Danmark av den storleiken som er aktuell for vår region, gjer at ein med god tryggleik kan kostnadsbereke eit slikt anlegg. Ein reknar med at ein i juni månad(94) har klart om det vert aktuelt å starte bygginga av eit anaerobt anlegg i Hovdebygda. Dette er eit anlegg som handsamar alle aktuelle typer våtorganisk avfall i regionen, og ein får ut gass som kan omdannast til energi (el.kraft og varme) og gjødselprodukt. Prosjektet er presentert for bøndene i nærområdet, og ein har fått ein del av desse interssert i å arbeide vidare med ideane saman med VØR.

Vidare har vi vore i kontakt med Tussa Kraft som aktuell samarbeidspartner på energiproduksjon og salg av denne.

Så langt i prosjektet verkar dette svært lovande, og ein ser fram til endelig konklusjon sommaren 94.

7.1 SPESIALAVFALL

VØR har teke del i ei prosjektgruppe oppnemnt av fylkesmannen som skulle sjå nærmare på innsamling av spesialavfall i Møre og Romsdal. Gruppa var sett saman av representantar frå dei interkommunale selskapa i fylket, og møta vart haldne i Molde. For å sikre framgang i arbeidet vart det tilsett ein prosjektleiar løna av staten.

Konklusjonen av dette arbeidet vart at Møre og Romsdal slutta seg til "SKVETT^n" ordninga med desentraliserte mottak. Fylket vart vidare delt opp i seks område med ein områdekoordinator for kvar av desse. Volda og Ørsta er definert som eitt område. Staten gir 2/3 tilskot til alle investeringar i 1993, og VØR har søkt om tilskot til 15 stk 2m3 konteinrarar. Desse vert då å plassere på dei ulike bensinutsalga i kommunane. VØR skal sjølv stå for innsamling og sortering av spesialavfallet, men vil framleis nytte seg av tenestene til Vest Miljø AS for vidaretransport og deklarasjon.

INNSAMLA MENGLER 93

8.1 AVFALL TIL BRENNING

Det syner seg at mengdene avfall i regionen er svakt aukande frå år til år.
Totale mengder (samfengt levert Grautneset) dei tre siste åra er som fylgjer:

ÅR	VEKT (T)	AUKE%
1990	3.772	
1991	3.986	5,7
1992	4.298	7,8
1993	4.216	-1,9

Nedgangen i 1993 skuldast at vi frå august månad tok til med papirinnsamling i kommunene. Dette var og er ein stor suksess, men ein hadde rekna med ein større reduksjon på leveransen til forbrenning.

Vi ser av tabellen over at mengdene aukar for kvart år. Legg vi til innsamla mengde papir (350 tonn) får vi ein auke for 1993 på 6,2% . Delar av den årlege auken har og forklaring i at ein stadig utvidar renovasjonsområdet.

Av dei totale mengdene vart det levert 550 tonn sams avfall frå firma i kommunene. Desse leverer med eigne bilar eller leiger inn konteinarfirma til transporten.

8.2 PAPP OG PAPIR

ÅR	MENGDE	ENDR.
1992	50 tonn	
1993	350 tonn	700 %

Innsamlinga i 1992 var basert på levering til Miljøstasjonen, og innsamlinga til ein organisasjon. I august 1993 tok vi til med organisert innsamling ein gong i månaden, og dette er årsaka til den store auken.

8.3 GLASINNSAMLING

ÅR	GLAS	ENDR.
1992	44.000 kg	
1993	29.600 kg	-33 %

Tabellen syner at vi har ein sterk nedgang i innsamla mengde glas. Tilbodet har vore det same i 1992 og 1993. Auka bruk av plast er nok ein av forklaringane til reduksjonen.

9.1 KVITEVARER

ÅR	ANTAL	ENDR.
1992	550	
1993	1.100	100%

Det har vore ei dobling i talet på innkomne kvitevarer i høve til 1992. Dette skuldast i hovedsak ryddeaksjonen der vi mellom anna samla inn kvitevarer frå distrikta.

9.2 GROVAVFALL

ÅR	FIRMA	PRIVAT
1992		
1993	3.532 m ³	929 m ³

Det er ikkje med tal for 1992 i tabellen. Dette fordi vi ikkje hadde eit heilt driftsår der vi tok i mot grovavfall både frå Volda og Ørsta før i 1993.

9.3 SLAM

ÅR	MENGDE
1992	1000 m ³ (avvatna slam)
1993	0 m ³

Det var ikkje organisert innsamling av slam i 1993. Det var kun små mengder slam frå renseanlegget i Ørsta som vart levert til deponiet i Alida.

10.1 SPESIALAVFALL

AVF. GR.	FORKL.	MENG.
1	Spillolje	5.600 l
5	Maling,lim ol	1.307 kg
8	Tungmet.h.	341 kg
11	Plantevern.m.	280 kg
14	Anna org.	268 kg
17	Anna uorg.	88 kg
19	Laborat. avf.	56 kg

Under gruppe 8 kjem og 27.000 kg med bilbatteri som er levert frå VØR til vidare deponering. Det var også her ein vesentleg del frå innsamlingsaksjonen i vår.

10.2 LANDBRUKSPLAST

ÅR	MENGDE	ENDR.
1993	8 tonn	100 %

1993 var det første året det var organisert innsamling av plast frå landbruket.

BEMANNING OG UTSTYR I 1993.

Det har vore 12 faste stillingar i VØR i 1993. Oppsynsmannen har vore sjukmeld heile året, og sa opp stillinga si i november 93. Ein av dei tilsette har i denne perioden vikariert i stillinga (50%).

Frå august månad hadde vi to personar som arbeidde på papirinnsamlinga. Desse kom i tillegg til dei faste stillingane.

For å dekke opp korttidsfråvær har vi jamt hatt inne ein person som ekstrahjelp. Det er mange "namn" innanfor dørene gjennom eit år. Det vart sendt ut løns- og trekkoppgåver for 1993 til 44 personar. Her er rett nok styremedlemer og representantskapsmedlemer med, men likevel er det eit høgt tal.

Eg har det intrykket at arbeidet stort sett går bra. Trass dels store omleggingar med nye rutiner, har dei tilsette synt god vilje, og møtt utfordringane som styret og leiing har pålagt. VØR har ein god "ryggrad" i dei tilsette.

Når det gjeld utstyret vi disponerer gjeld det følgjande utstyr:

Mercedes (78) Norba KI 5

Volvo FL6 (82) Semat

Nissan (85) Norba krokløft

Volvo FL614 (88) Norba KI 12 (10m³)

Scania M 93 (90) Norba KI 12 (13m³)

Scania M 93 (93) Norba Linea (13m³)

Toyota HiLux (93)

Vi fekk levert to nye køyrety i 1993. Den nye komprimatorbilen gjekk inn i staden for Mercedesen som no fungerer som ekstrabil.

Toyotaen er ein pick up som stort sett vert nytta av driftsleiar, men pga av firhjulstrekk vert han og nytta til innsamling på vanskelege stadar vinterhalvåret.

I tillegg til desse køyretya har vi ein Åkermann gravemaskin som vert nytta til jamning og "pakking" i grovavfallsdeponiet, og ein Ford traktor med frontlessar som i hovedsak vert nytta til snørydding og lessing av papir.

VØR er etterkvart bra rusta med bilar og maskiner, men på grunn av nye oppgåver, har styret vurdert å skifte ut den eldste Volvoen med ein bil med to kamrar. På denne måten kan ein hente papir og bos samtidig. Det vert teke avgjerd i denne saka på vårparten 94.

STATUS ANLEGG OG DEPONI

12.1 OMLASTINGSSTASJONEN

Det har vore ein del vanskar med komprimatoren i år. Krokane som held konteinrarane på plass under komprimering måtte skiftast, og i desember delte stempelen seg i to. Det vart bygt nytt stempel og stasjonen stod still i nær ein månad. Avfallet vart i denne perioden omlest på vaskeplassen og køyrt direkte til Ålesund med komprimatorbilane.

Kostnaden med sjølve ombygginga vart dekt av forsikringa.

Samlede konteinrarar vart ombygde til sidehengsla luker. Dette vart gjort på grunn av vanskar med å tøme konteinrarane på Grautneset, og for å betre lukkemekanismen. Ein har med desse ombyggingane (stempel og konteinrarar) fått ein meir driftssikker omlastingsstasjon.

Det som står att er å betre reingjeringa, og det første som bør gjerast er maling av betongen. Den er i dag så ru at ein har vanskar med å hindre groing. Dette fører til at det til tider er farleg glatt på nederste plan.

På budsjettet for 1994 er det sett av ein del midlar til å pynte opp heile området. Det er vanskeleg å gjere noko endeleg før ein veit korleis arealet skal nyttast, men det vert i første omgang lagt vekt på å plante til vegskjeringane og få eigna oppsamlingsutstyr til m.a. bilbatteria.

Når det gjeld lagring av kvitevarene er det veldig vanskeleg å få desse til å sjå ryddige ut. Ein burde her hatt eit helt egen lager for å skjerme desse. Vi vonar at ein på ein eller annan måte får høve til å skjule desse bak t.d. sorteringshallen som er under planlegging.

Arbeidstokken er etterkvart så stor at bygget er sprengt når det gjeld garderobe og lagerkapasitet. VØR må snarast vudere å bygge på ei fløy for å betre kontorkapasiteten og t.d. plass til arkiv. Endringar i arbeidsoppgåver tvingar fram ei løysing på desse problema.

13.1 GROVAVFALLSFYLINGA

Det har vore jamn levering til grovavfallsdeponiet. På grunn av innsyn og vanskar med flygeavfall er det kjøpt inn eit gjerde. Dette vert sett opp etter at hola er utvida på vårparten 94.

Opprinneleg volum på hola var omlag 5500m³. Vi utvidar no med nye 7000 m³. Dette høver med lengda på plankegjerdet vi har kjøpt inn.

Det vert lagt vekt på å gjere tilhøva meir permanente. Det skal opparbeidast ein skikkeleg tippkant slik at ein ikkje er avhengig å planere kvar dag. I tillegg skal ein inn med automatikk på pumpa slik at ho kunn går når det er naudsynt. Vidare er vi pålagde frå el. verket å lage eit permanent opplegg for straum. I dag har vi kun ei byggekasse, men det er meinings å flytte inn brakka som står ved det gamle deponiet og montere inn straum i denne.

13.2 SLAMDEPONIET

Det slammet som vart samla inn i 1992 er no tilgrodd, og skjuler restane etter den gamle grovavfallsfyllinga. Dette deponiet har svært begrensa lagerkapasitet, og må reknast som eit mellomlager inntill vi har funne ei god løysing på handsaminga av det våtorganiske avfallet i kommunene.

13.3 PAPIRLAGER

VØR leiger eit telt med Nautvik Knuseverk AS i Furene. Vi disponerer her omlag 350 m² som vert nytta til mellomlagring av papir. Ordninga fungerer stort sett greit, men ein har hatt ein del diskusjon om faren med å arbeide innandørs med ein dieseltraktor. Arbeidstilsynet og bedriftshelsetenesta har vore og gjordt målingar på staden, og ein har ikkje funne verdiar som er direkte skadlege. Dette forutset at der er ei vifte som syg ut og skiftar ut lufta, og at dei som er inne i teltet nyttar værneutstyr (maske). Løysinga med papirteletet er ei foreløpig løysing. Det er tungvindt for kundar som leverer papir på vekt at dei først må til Miljøstasjonen for å vege brutto, så til Furene for å töme, og så attende til Miljøstasjonen for å vege netto. Ein må vurdere plasseringa av mellomlagringa når ein eventuelt set opp ein sorteringshall for grovavfall.

I tillegg til teltet leiger VØR lager på Ørstaterminalen. Der vert sekkane, stativa og kompostbingar lagra.

VØR betalar ein fast pris pr. månad for både teltet og på terminalen .

SAMARBEIDSPARTNARAR

VØR har nært samarbeid med fleire firma for å yte den servicen som vert krevt av oss.

På administrasjonssida nyttar vi Voldarekneskap AS til å føre rekneskapet og løn. Dette er eit nært samarbeid, og det fungerer svært bra.

På transporten av komprimert avfall til Grautneset er det Vartdal Transport AS som utfører dette. Dette firmaet har utført denne jobben sidan omlastingsstasjonen vart bygd, og vi har ingen ting å utsette på måten dette vert gjort.

Når det gjeld slam er det Miljøservice AS i Loen som har oppdraget. Dette firmaet har gjennomført ei tømerunde (1992) og skal til att siste halvdelen av 1994. Vår erfaring så langt syner at Miljøservice AS yter god service, og er innstilte på å gjere ein god og seriøs jobb for VØR.

Vest- Miljø AS på Hareid tek seg av spesialavfallet vi samlar inn. Dette er og eit firma som ynskjer å yte god service, men som til tider har mangel på kapasitet. Dette fører av og til at vi må purre på ein del for å få utført arbeidet dei har teke på seg. Vi vonar at dette betrar seg framover då dei har investert i ei ny presse med vesentleg større kapasitet enn den forrige.

VØR leiger både telt og areal med Nautvik Knuseverk AS. Dette er eit firma som har gjennomgått store omveltninger i 1993, og har hatt vanskar med å oppfylle alle punkta i leigekontrakta i Alida. VØR har nødt til å sjå vekk frå enkelte punkt i kontrakta for å få starta på utvidinga av hola. Det har ikkje stått på vilje med leiinga i Nautvik AS, men med ein stressa økonomi var ein nødt til å avvike litt frå prinsippa får begge partar.

Sett under eitt må VØR seie seg svært nøgd med dei firma vi arbeider saman med.

REKNESKAP 1993

1993 var eit år med store endringar i føringa av budsjett og rekneskap. Dette skuldast at styret vedtok å føre rekneskapet etter Norsk Standard (det vil seie på same måten som eit aksjeselskap). Bakgrunnen for dette var at VØR vart rådd til omlegginga av revisjonen.

Eit av krava i Norsk Standard er at alle kostnadane skal belastast det året dei oppstår. Ein hadde då ikkje lenger høve til å skyve føre seg kostnadane i desember månad til påfylgjande år. Dette førte til at ein i 1993 hadde utgifter for 12 månadar i 1993 og i tillegg desember månad 1992.

På bakgrunn av dette vart det rekna med eit underskot på drifta i 1993, men på grunn av at ein hadde eit "etterslep" frå 92, vart underskotet snudd til eit overskot .

Rekneskapen for 1993 syner eit overskot på kr. 48.670,80.

Overføringane frå 1992 var på 170.000,- kroner, så driftsåret isolert sett hadde eit underskot på 121.329 kroner.

Går ein gjennom rekneskapen, ser ein at ein med einskilde unntak har halde seg innanfor budsjetterte summar.

Det er først og fremst einskildpostar på løn som syner store avvik. Dette skuldast to forhold. For det første er to av dei tilsette budsjetterte på fastløn (post 5010), men er i rekneskapen ført som ekstrahjelp (post 5020). Sjukefråveret var og større enn venta, men her får ein refundert det meste, og post 5610- Refusjon sjukepengar, har auka tilsvarende.

Ser ein lønspostane samla er det ikkje overskridingar i høve til budsjettet.

Dei neste postane som utmerkar seg er drift og vedlikehald av bilane. Staten tok i 1993 vekk kilometeravgifta og la ei ny avgift på dieselen. For VØR som har forholdsvis få kilometer pr. år, men brenn mykje diesel vart dette ei kostbar omlegging. Samtidig har ein i budsjettet ikkje rekna nok utgifter til papirkøyring. Ein køyrde i fem månadar ei ekstra rute, og hadde i tillegg køyring til Sykkylven.

Dei postane som er overskridne i høve til budsjettet er alle driftspostar.

Inntektsida vart betre enn føresett i budsjettet. Levering av grovavfall auka 2. halvår og førte til betre innkome. Det var også ein merkbar auke på forretningsbos frå Volda. Dette skuldast delvis midlar som vart overført frå 1992, men auken er vesentleg på denne posten i høve til budsjettet.

Postane 3040 og 3041 - Avgift grovavfall - syner i rekneskapen kr.0,-. I tala vi får frå kommunene er desse inntektene med i forretningsboset, og postane i budsjettet er meint som orientering internt.

KONKLUSJON

1993 vart eit svært godt år økonomisk og driftsmessig. Ein har klart å halde eit positivt resultat trass store omveltningsar internt og på avgiftssida.

Ein har gjordt seg erfaringar som ein kan gjere seg nytte av i vidare planlegging, og ein har fått aksept i kommunene for den strategien ein har valgt gjennom kjeldesorteringsplanen. Det skal bli svært spanande å arbeide vidare i 1994 både med utfordringane på våtorganisk avfall, grovavfall og papir.

Hovdebygda 12/4-94

Kjetil Årøen
driftsleiar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 1993


Vi har revidert årsoppgjøret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1993. Årsoppgjøret som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og noter er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjør, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynt for å stadfeste at årsoppgjøret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønnsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjøret.

Årsoppgjøret syner eit årsoverskot på kr 48.670,-, gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Larsnes, 18. april 1994


Jostein Støylen
revisjonssjef

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12	note	1993	1992
Driftsinntekter og driftskostnader			
Driftsinntekter			
Salsinntekter av varer og tenester		10.499.868	9.931.359
Tilskot		24.000	24.000
Andre driftsinntekter		564	5210
Sum driftsinntekter		<u>10.524.432</u>	<u>9.960.569</u>
Driftskostnader			
Forbruk av selde varer		301.268	370.156
Personalkostnader		3.181.393	2.657.110
Driftskostnader	5	5.444.954	5.797.041
Ordinære avskrivningar		<u>955.891</u>	<u>341.150</u>
Sum driftskostnader		<u>9.883.506</u>	<u>9.165.457</u>
Driftsresultat		<u>640.926</u>	<u>795.112</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		(65.388)	(36.280)
Rentekostnader		<u>657.644</u>	<u>592.003</u>
Netto finansinntekter		<u>592.256</u>	<u>555.723</u>
Ekstraordinære inntekter			
Netto kostnadsførte investeringar			<u>96.333</u>
Årets resultat		<u>48.670</u>	<u>143.056</u>
Oppskrivingar og overføringar			
Framført som udekt tap		25.079	(25.079)
Dekt tidlegare udekt tap		<u>23.591</u>	<u>168.135</u>
Tilført kapitalkonto		<u>48.670</u>	<u>143.056</u>

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk
6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING FOR 1993


Vi har revidert årsoppgjernet for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1993. Årsoppgjernet som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og noter er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynt for å stadfeste at årsoppgjernet ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønnsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjernet.

Årsoppgjernet syner eit årsoverskot på kr 48.670,-, gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk.

Larsnes, 18. april 1994


Jostein Støylen
revisjonssjef

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta



**VOLDA ØRSTA
REINHALD**
Volda/Ørsta Reinhaldsverk

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER

note

1993

1992

EIGNELUTER

Omlaupsmiddel

Bank- og postgiroinnskot	1	974.584	1.592.348
Kundekrav	2	33.659	23.250
Andre kortsiktige krav	3	436.109	0
Lager av varer for sal	4	59.988	13.851
Sum omlaupsmiddel		<u>1.504.340</u>	<u>1.629.449</u>

Anleggsmiddel

Transportmiddel	5	1.847.927	939.494
Gravemaskin	5	142.667	160.500
Komprimatorstasjon	5	4.313.176	4.563.177
Andre anlegg	5	464.241	741.792
Sum anleggsmiddel		<u>6.768.011</u>	<u>6.404.963</u>

Sum eigneluter

8.272.351

8.034.412

GJELD OG EIGENKAPITAL

Kortsiktig gjeld

Leverandørar		552.214	34.741
Skattetrekk og arbeidsgjeveravgift til Folketrygda		218.849	170.315
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		167.085	117.638
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		380.122	214.614
Forskat frå kundar		0	1.178.186
Anna kortsiktig gjeld		82.696	0
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		<u>656.717</u>	<u>496.205</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>2.057.683</u>	<u>2.211.699</u>

Langsiktig gjeld

Lån		5.923.070	5.419.275
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		(656.717)	(496.205)
Sum langsiktig gjeld		<u>5.266.353</u>	<u>4.923.070</u>

Eigenkapital

Eigenkapital		948.313	924.722
Framført, udekt underskot		0	(25.079)
Sum eigenkapital		<u>948.313</u>	<u>899.643</u>

Sum gjeld og eigenkapital

8.272.349

8.034.412

Trygd

6

5.923.070

5.419.275

Hovdebygda, den 12.04.1994

Ove Lid

Svanhild Myklebust
Svanhild Myklebust

Hans M. Ryste

Per R. Mork
Bjørn Øren (Vara)

Kai Raaberg
Kai Raaberg

Kjetil Areen
driftsleiar

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

Notar til rekneskapen for 1993.

Ålment.

Ein har i 1993 endra rekneskapsprinsipp, og følgjer no prinsippa i Norsk Standard. Rekneskapen er satt opp etter reglane i rekneskapslova. Ein har difor omarbeidd rekneskapen for 1992 for å kunne vise samanliknbare tall mot rekneskapen for 1993.

1) Bankinnskot.

Av bankinnskota er kr. 153.851 bunde innskot for skattetrekk.

2) Kundekrav.

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

3) Andre kortsiktige krav.

Kr. 31.500 gjeld lån til tilsette. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane.

4) Varelager.

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

5) Avskrivbare driftsmiddel

	Transport utstyr:	Grave- maskin:	Komprima torstasjon:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1993:	1.517.619	160.500	4.746.776	741.792
Tilgang 1993:	1.160.490	0	0	158.448
Samla avskrivningar pr. 31.12.1993:	830.182	17.833	433.600	436.000
Bokført verde 31.12.1993:	1.847.927	142.667	4.313.176	464.240
Avskrivningar i året:	252.058	17.833	250.000	436.000
Satsar nytta for lineær avskriving:		10 %	10 %	5 % 12,5-66 %

6) Trygd for lån.

Av selskapet si samla gjeld er kr. 5.923.070 sikra ved garantiar fra Volda og Ørsta kommunar.